# Tiltaksplan

for oppfølging av

# KommuneROS 2024 Bjørnafjorden

– Versjon 01, pr. 2.4.2025 –

Vedtatt i Bjørnafjorden kommunestyre 15.5.2025 - sak 39/2025

# INNHALD


Innhaldsliste side 2

1. Innleiing side 3

1.1. Mål for arbeidet med samfunnssikkerheit og beredskap (SSB) side 3

1.2. Kva skal vi vareta, sikra og handtera? side 4

2. Tiltak side 7

2.1. Tabell 1: Tiltaksliste for Bjørnafjorden kommune sine 18 scenario side 9

2.2. Tabell 2: Fagleg prioriterte kommunale tiltak med definert kostnad side 17

3. Revisjon og oppdatering side 18

# 1. INNLEIING

Sivilberedskapslova (2010) og tilhøyrande forskrift (2011) pålegg kommunane ei kommunal beredskapsplikt. Kommunen har ansvar for å verna om befolkninga, vera planstyresmakt, vareta viktige tenester og sikra evna til styring og krisehandtering.

For å kunna oppfylla pliktene sine, må kommunane gjennomføra heilskaplege ROS-analysar – også kalla «KommuneROS». Denne prosessen består av tre delar: 1. Setja rammer, 2. gjennomføra og 3. følgja opp. Denne tiltaksplanen høyrer til del 3. Den inneheld langsiktige mål, strategiar og prioriterte tiltak – på bakgrunn av KommuneROS 2024 – for å styrkja samfunnssikkerheita i kommunen vår.




Regjeringa kjem kvart 4. år med eit forventningsdokument som skisserer kva kommunane skal leggja særleg vekt på dei komande fire åra: «Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging». I forventningane for 2023-2027 heiter det at dei 17 berekraftsmåla, dei nasjonale klima- og miljømåla og lokalt folkestyre skal liggja til grunn for samfunns- og arealplanlegginga, og at kommunane skal leggja til rette for trygge, berekraftige og levande lokalsamfunn. Samfunnssikkerheit og beredskap er eitt av dei fem overordna perspektiva for berekraftsmåla frå FN. Sjølv om alle berekraftsmåla i ulik grad har tilknyting til arbeidet med samfunnssikkerheit og beredskap, har vi vald berekraftsmål 11 – i vår lokale tilpassing i Bjørnafjorden er det formulert som «Berekraftige tettstadar og lokalsamfunn» – som eit hovudmål for arbeidet vårt med samfunnssikkerheit og beredskap. I utdjupinga av kva som ligg i mål 11, står det: «Gjera tettstadar og lokalsamfunn inkluderande, trygge, motstandsdyktige og berekraftige».




«Samarbeid for å nå måla» – berekraftsmål 17 – er både definert som eitt av hovudsatsingsområda våre i samfunnsdelen av kommuneplanen for 2023-2035, og som arbeidsmåten vår. Det gjeld òg for arbeidet med samfunnssikkerheit og beredskap. Saman står vi sterkare.

## 1.1. Mål for arbeidet med samfunnssikkerheit og beredskap (SSB)

Vårt **overordna mål** for arbeidet med samfunnssikkerheit og beredskap er at

**Bjørnafjorden kommune skal vera ein trygg og robust kommune å bu, arbeida og opphalda seg i**

**SSB-delmål:**

- Vi skal arbeida kunnskapsbasert, heilskapleg og systematisk med SSB.
- Vi skal ha ei oppdatert oversikt over kva som kan trua oss, og kva som må til for å beskytta oss.
- Vi skal tenkja langsiktig og førebyggande.
- Vi skal ha ein førebudd beredskapsorganisasjon og eit oppdatert beredskapsplanverk.
- Vi skal ha forsvarleg dimensjonerte krisehandteringsaktørar.
- Kommunen skal utøva samordningsrolla si, og vera pådrivar og leggja til rette for godt samarbeid mellom SSB-aktørane i Bjørnafjorden.
- Vi skal fremja eigenberedskap og gi innbyggarane informasjon og råd om dette.

For å skapa trygge rammer for folk – innbyggarar og besøkande – skal vi gjera følgjande:

1) AVDEKKA RISIKO, SÅRBARHEIT OG GJENSIDIG AVHENGIGHEIT på tvers av sektorar

- Vi skal ha ein oppdatert overordna ROS-analyse som til ei kvar tid gir oss oversikt over risikofaktorane i Bjørnafjorden kommune.

2) UNNGÅ RISIKO OG SÅRBARHEIT, der det er mogleg

- Samfunnssikkerheit og beredskap (SSB) skal prega det daglege arbeidet i Bjørnafjorden kommune på ein slik måte at vi både i planarbeid og drift tar omsyn til samfunnssikkerheitsmessige utfordringar.
- SSB-arbeidet skal organiserast slik at det er tufta på
  - god lokalkunnskap
  - samordna ressursar
  - lett tilgang
  - sterke fagmiljø
- Vi skal forankra arbeidet med samfunnssikkerheit og beredskap politisk.

3) REDUSERA RISIKO OG SÅRBARHEIT gjennom førebyggande og skadeavgrensande tiltak

- Vi skal satsa på førebygging og setja i verk risikoreduserande tiltak
  - for å hindra, og minska konsekvensane av, flaum, skred og overvatn
  - for å unngå tap og skadar som følgje av forventa klimaendringar
  - for å levera godt og trygt drikkevatn og ha ei sikker vassforsyning
  - for å ha sikker straumforsyning og stabile breiband- og mobilnett
  - for trygg trafikk, særleg for mjuke trafikantar
- Bjørnafjorden kommune skal vera ein samordnar og pådrivar overfor andre samfunnsaktørar på dette området.

4) HANDTERA RESTRISIKO MED BEREDSKAP

- Vi skal ha ein oppdatert beredskapsplan som byggjer på dei risikofaktorane som den overordna ROS-analysen vår peikar på.
- Vi skal handtera uønskte hendingar og kriser på ein slik måte at vi minskar omfang og konsekvensar.
- Arbeidet med samfunnssikkerheit og beredskap skal vera erfarings- og kunnskapsbasert.
- Vi skal sikra tilstrekkeleg kompetanse på alle nivå i kriseberedskapen gjennom nødvendig opplæring og informasjon, oppdatert planverk og regelmessige øvingar.

Desse måla er forankra i overordna beredskapsplan frå 2019 – sist revidert 2025, samfunnsdelen av kommuneplanen for Bjørnafjorden kommune 2023-2035, og i beredskapslovverket og nasjonale føringar for planarbeid i kommunane.

## 1.2. Kva skal vi vareta, sikra og handtera?

Uansett kva som måtte henda, er hovudoppgåva vår å verna om liv og helse og sørga for at samfunnet fungerer best mogleg. DSB har vald å dela dette inn i fire **samfunnsverdiar** som kommunane skal passa på og beskytta mot ulike typar konsekvensar (jf. Overordna beredskapsplan – adm. del, s. 7). Bjørnafjorden kommune skal ta vare på og beskytta:

1. **liv og helse** – mot konsekvensar som dødsfall, skadar og sjukdom
2. **stabilitet i samfunnet** – mot konsekvensar som manglande dekning av grunnleggande behov og forstyrringar i dagleglivet. Vi har vald å leggja til ein tredje konsekvenstype: sosial uro – pga. psykologiske og/eller sosiale reaksjonar (som frykt/redsle, sinne, misnøye med styresmakter, protestar og aksjonar)
3. **naturmiljø og kulturmiljø** – mot konsekvensar som langtidsskadar og øydelegging
4. **materielle verdiar** – mot konsekvensar som direkte og indirekte økonomiske tap

Bjørnafjorden kommune skal sikra at dei grunnleggande behova til befolkninga – dvs. både innbyggarane og andre som oppheld seg i kommunen på eit gitt hendingstidspunkt – blir dekka. Dei grunnleggande behova er slikt vi ikkje kan greia oss utan i sju døgn eller kortare utan at det truar sikkerheita og/eller tryggleiken vår. DSB har definert 13 slike **kritiske samfunnsfunksjonar og samfunnstenester**, som ligg til grunn for å vurdera sårbarheita vår. Som kommune skal vi, saman med andre samfunnsaktørar, passa på at desse 13 kritiske tenestene og funksjonane er sikra (DSB 2022):

1. forsyning av mat, varme og medisinar
2. evne til å ta imot evakuerte
3. energiforsyning
4. forsyning av drivstoff
5. tilgang til elektronisk kommunikasjon og IKT
6. drikkevassforsyning og avløpshandtering
7. oppfølging av særleg sårbare grupper (t.d. barn, menneske med nedsett funksjonsevne, framandspråklege, personar utan særleg nettverk, tilreisande)
8. framkomst og transport (for personar og gods/varer)
9. nødvendige helse- og omsorgstenester
10. kritiske velferdstenester
11. nød- og redningsteneste
12. styringsevne og kommunal kriseleiing
13. krisekommunikasjon

Kva kan skje i Bjørnafjorden? Grovt sett: Alt – bortsett frå ei jernbaneulukke. I KommuneROS Bjørnafjorden 2024 har vi vald å analysera 18 samansette verstefallsscenario, som synleggjer følgehendingar (og har overføringsverdi til mindre hendingar).

| Nr. | KommuneROS Bjørnafjorden 2024-scenario |
|---|---|
| 1 | Stor og alvorleg pandemi |
| 2 | Jordskjelv |
| 3 | Ekstremvêr |
| 4 | Ekstrem tørke med lynnedslag |
| 5 | Kvikkleireskred |
| 6 | Atomhending med radioaktivt nedfall |
| 7 | Brann i tettbygd strok |
| 8 | Omfattande trafikkulukke i tunnel – tunnelbrann |
| 9 | Ferjebrann – med farleg gods om bord |
| 10 | Langvarig straumbrot |
| 11 | Drikkevassboren sjukdom |
| 12 | Eksplosjon ved gassanlegget på Halhjem (storulukkeverksemda vår) |
| 13 | Sabotasje knytt til drikkevassforsyninga |
| 14 | PLIVO-hending på skule |
| 15 | Terrorangrep på Osøyro under stort arrangement |
| 16 | Stort digitalt angrep på Bjørnafjorden kommune |
| 17 | Svekka grunnberedskap |
| 18 | Sikkerheitspolitisk konflikt – krig |

Dei fleste av dei potensielle uønskte hendingane som kan skje i Bjørnafjorden kommune berører fleire av dei kritiske samfunnsfunksjonane våre. Det stiller krav til kommunen om både førebygging, oppfølging og krisehandtering. Det krev innsats av både nød- og redningsteneste og kommunal kriseleiing.

**Tabellen nedanfor** viser kva kritiske samfunnsfunksjonar som blir berørte og utfordra av verstefalls-scenarioa våre i KommuneROS 2024.

- Vassrett: Kva scenario rammar flest kritiske samfunnsfunksjonar?
- Loddrett: Kva kritiske samfunnsfunksjonar blir berørte og utfordra av flest scenario?

| Uønskt hending i Bjørna-fjorden ⇩ | Kritiske samfunnsfunksjonar som blir berørte ⇨ | | | | | | | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | 1. Forsyning av mat, varme og medisinar | 2. Ta imot evakuerte/ behov for evakuering | 3. Energiforsyning | 4. Forsyning av drivstoff | 5. Tilgang til elektronisk | 6. Drikkevassforsyning, handtering av avløp | 7. Følgja opp særleg sårbare | 8. Framkomst/transport av personar og gods | 9. Nødvendige helse- og omsorgstenester | 10. Kritiske velferds-tenester | 11. Nød- og redningsteneste | 12. Styringsevne og kriseleiing | 13. Krisekommunikasjon |
| 1 Stor og alvorleg pandemi | x | | | | | | X | | X | | X | X | X |
| 2 Jordskjelv | x | x | x | x | x | x | X X | X | X | | X X | X X | X X |
| 3 Ekstremvêr | x | X | X | x | X | x | X X | x | X | | x x | x x | X X |
| 4 Ekstrem tørke med lynnedslag | | x | | | | X | X | | | | X | X | X |
| 5 Kvikkleireskred | (x) | X | | | | | X | | | | X | X | X |
| 6 Atomhending m/ radioaktivt nedfall | x | | | | | (x) | X | | x | | x | X | X |
| 7 Brann i tettbygd område | | X | | | | | X | | X | | X | X | X |
| 8 Trafikkulukke m/ brann i tunnel | | X | | | | | X | X | X | | X | X | X |
| 9 Ferjebrann med farl. gods om bord | | X | | | | | X | X | X | | X | X | X |
| 10 Langvarig straumbrot | X | x | X | X | X | X | X X | X | X | X | x x | X X | X X |
| 11 Drikkevass-boren sjukdom | | | | | | X | X | | X | | | X | X |
| 12 Eksplosjon ved gassanl. Halhjem | | X | | X | | | X | X | | | X | X | X |
| 13 Sabotasje knytt til drikkevass-forsyninga | | x | | | | X | X | | X | | X | X | X |
| 14 PLIVO-hending (skuleskyting) | | X | | | | | X | | X | | X | X | X |
| 15 Terrorangrep Osøyro | | X | | | | | X | | X | | X | X | X |
| 16 Stort digitalt angrep på komm. | X | | | | X | x | X | | x | X | X | X | X |
| 17 Svekka grunn-beredskap | | | | | | | X | | X | | X | x | x |
| 18 Krig – sikker-heitspol. konflikt | X | X | X | X | X | X | X X | X | X | X | X X | X X | X X |

# 2. TILTAK

Det kan setjast inn tiltak både for å redusera sannsynlegheita for at ei uønskt hending skal oppstå, og tiltak for å redusera konsekvensane av ei uønskt hending, slik det er vist i sløyfemodellen nedanfor (DSB 2022).




Det finst ein heil del eksisterande tiltak knytt til alle scenarioa i KommuneROS 2024. Gjennom analyse-arbeidet har vi òg avdekka behov for nye tiltak og/eller vidareutvikling og styrking av eksisterande tiltak. Det er tiltak av svært ulik art: Det kan vera naturlege, tekniske og organisatoriske tiltak. Dei kan òg delast i kategoriar som arealplanlegging og -forvaltning; driftstiltak – «eigenberedskap»; informasjon/varsling/ krisekommunikasjon; personale og kompetanse; behov for meir kunnskap/vidare utgreiing; beredskapsplan/tiltakskort; samvirke-/samarbeidstiltak og generelle/nasjonale tiltak.

For å nå måla våre for samfunnssikkerheit og beredskap i Bjørnafjorden kommune framover, må vi ta tak i den risikoen som vart avdekka gjennom KommuneROS 2024. Vi må:

1. Setja i verk tiltak av alle typar knytt til våre 18 scenario, og særleg tiltak knytt til OBS-scenarioa våre (sjå tabell 1)
2. Prioritera kommunale tiltak som det er knytt ein kostnad til/som krev økonomiske løyvingar – for vidare vurdering i samband med årleg budsjett-/økonomiplanarbeid (tabell 2)

Forslaget til tiltaksplan inneheld tiltak både for å førebyggja (sannsynsreduserande tiltak), redusera konsekvensane av (konsekvensreduserande tiltak) og handtera ev. uønskte hendingar knytt til KommuneROS 2024-scenarioa våre.

Tabell 1 – **Tiltaksliste for Bjørnafjorden kommune sine 18 scenario**

Denne tabellen er basert på dei tiltaka som vart føreslått i det tverrfaglege arbeidet med KommuneROS 2024. Vi har sett på kva scenario vi må vera særleg OBS på i Bjørnafjorden – ut frå kor hardt dei rammar våre definerte samfunnsverdiar: Liv og helse; samfunnsstabilitet; natur- og kulturverdiar; materielle verdiar (øk. tap) og kor sannsynlege dei er (sjå KommuneROS 2024 – del 1, kap. 5.10. + kap. 5.4.-5.9.).

Scenarioa er i denne tabellen sorterte etter OBS-grad, dvs. *kor mange* og *kva for samfunnsverdiar* som blir ramma, *kombinert med sannsynlegheit*. Dei er òg markerte med fargar: frå mørkeraudt og raudt via oransje til gult og ingen farge.

1. Scenario som rammar *alle dei fire* samfunnsverdiane hardt (frå svært store til middels konsekvensar) og er *svært til middels sannsynlege*, er merka med *mørkeraud* farge. Dette er to av dei viljestyrte scenarioa (drikkevassabotasje og terrorangrep) pluss spesialscenarioet krig i ei eller anna form, som for så vidt også er viljestyrt.
2. Scenarioa som rammar *tre* samfunnsverdiar hardt (dvs. frå svært store til middels konsekvensar) og er *svært til middels sannsynlege*, er markerte med *raud* farge. Dei som går hardt ut over liv og helse, er plasserte høgare i tabellen enn dei andre scenarioa (PLIVO-scenario, pandemi, ekstremvêr – før atomscenarioet).
3. Oransje farge markerer dei scenarioa som rammar *to* av samfunnsverdiane hardt (dvs. frå svært store til middels konsekvensar) og er *svært til middels sannsynlege*. Også her er scenarioet der *ein* av dei to ramma verdiane er *liv og helse*, plasserte høgast oppe i tabellen (drikkevassboren sjukdom før langvarig straumbrot).
4. Dei scenarioa som går særleg hardt utover *ein* samfunnsverdi (dvs. frå svært store til middels konsekvensar) og er *svært til middels sannsynlege*, er merka med gult. Scenarioa der denne verdien er liv og helse, kjem først (brann i tettbygd område, tunnelbrann, ferjebrann, eksplosjon ved gassanlegg – før digitalt angrep (som rammar samf.stabiliteten svært hardt), jordskjelv og ekstrem tørke m/lynnedslag (som rammar kulturmiljø hardast)).

Det er definert ei rekke tiltak for kvart enkelt scenario. Alle tilrådde tiltak frå KommuneROS 2024, både dei som kommunen kan/skal gjera noko med, dei som er samvirkeprosjekt, og dei som er andre aktørar sitt ansvar, er tatt med i tabell 1. For reint kommunale tiltak og samvirketiltak der kommunen er ein part, er det òg sett ein frist/gjennomføringstidspunkt.

Dei *kommunale* tiltaka som har ein kostnad og krev ei løyving, er tatt med vidare til tabell 2.

Mange av tiltaka i tabell 1 er driftstiltak og driftsrutinar, der det ikkje er definert nokon særskild kostnad. Tiltaka er ikkje mindre viktige av den grunn og må følgjast opp av dei ansvarlege. Mange av dei kan plasserast i kategorien «driftstiltak – kommunen sin eigenberedskap».

## Tabell 2 – **Fagleg prioriterte kommunale tiltak med definert kostnad**

Dette er ei liste over fagleg prioriterte tiltak frå tabell 1, der det er definert ein særskild kostnad. Nokre av dei blir pr. i dag dekka innanfor driftsbudsjett, som t.d. jamleg oppgradering av sikkerheitstiltak ved vassbehandlingsanlegg og høgdebasseng. Andre er nye investeringstiltak, som t.d. vasstankbil til brannstasjonen i Eikelandsosen. Desse må innarbeidast i budsjett og økonomiplanar i åra som kjem.

Tabellen viser dei tiltaka som er føreslått av fagfolk frå respektive tenesteområde under arbeidet med KommuneROS 2024, med opplysningar om kven som har ansvaret for tiltaket, forslag til når det skal gjennomførast, forklarande tilleggsinformasjon i ei merknadskolonne, og estimert kostnad. Det er òg vist til OBS-nummerering (bokstav) og tilhøyrande tiltaksnr. i tabell 1. Og det er vist til scenarioet tiltaket tilhøyrer i KommuneROS-dokumenta – del 1 og del 2 (u. off. analysedel), med sidetal.

## 2.1. Tabell 1: TILTAKSLISTE FOR BJØRNAFJORDEN KOMMUNE SINE 18 SCENARIO sortert etter OBS-grad (kva samf.verdiar som blir ramma)

= rammar alle samfunnsverdiar = rammar tre samf.verdiar = rammar to samf.verdiar = rammar *ein* samfunnsverdi

| Scenario | Tiltak – for å redusera sannsyn og/eller konsekvens<br>Driftstiltak (kolonne D) og investeringstiltak (kolonne I) | D | I | Styrbarheit for kommunen + ansvar<br>(kommunen, samvirketiltak, andre aktørar) | Frist<br>(komm.+s.v.) |
|---|---|---|---|---|---|
| **A**<br>S-13 Sabotasje knytt til drikkevass-forsyninga<br><br>- Liv og helse<br>- Samf.stabilitet<br>- Natur-/kulturmiljø<br>- Øk. tap<br><br>KommuneROS 2024, del 2 – s. 52, del 1/s. 64 | **Sannsynsreduserande:**<br>1. Ikkje publisera VA-data på heimesida.<br>2. Gjera anlegga endå vanskelegare tilgjengelege: Meir avansert overvaking, inngjerding og tilgangskontroll til alle VBA og høgdebasseng.<br>3. Generell årvåkenheit rundt sårbar infrastruktur i kommunen.<br>4. Utvida samarbeid med dei private vassverka – skaffa betre oversikt over status, vera pådrivar for trygg drift og tilby assistanse ved behov.<br>**Konsekvensreduserande:**<br>5. Varsling: Pårøranderegistrering til sårbare personar.<br>6. Levera ut nødvatn – særleg til sårbare grupper.<br>7. Meir nødvassutstyr: fire ferdig utstyrte nødvasshengarar.<br>8. Eigenberedskapskampanjar: Tilrå heimelager på 20 liter vatn pr. pers., for å dekkja grunnleggande behov i ei veke. | 1-6<br>8 | 7 | MIDDELS styrbarheit for kommunen:<br>Kommunen har ansvar for det meste av føreslått oppfølging og kan påverka som lokal styresmakt og pådrivar overfor eksterne aktørar.<br><br>**Kommunen** (1-2 + 5 + 7):<br>1 + 5. VA + heimesida<br>2 + 7. VA<br><br>**Samvirke** (3-4):<br>3. Kommunen/infrastruktureigarar og -driftarar, politiet<br>4. VA + kommuneoverlegen + private vassverk<br>6. VA/Bergen vann<br>8. Komm./beredskapsrådg./BBR/heimesida + frivillige frå Røde Kors & sanitetsfor. | 1+5. fortløpande<br>2. jamleg<br>7. innan 2030<br>3. fortløpande<br>4. 2025<br>6. ved behov<br>8. årleg |
| **B**<br>S-15 Terrorangrep Osøyro<br><br>- Liv og helse<br>- Samf.stabilitet<br>- Natur-/kulturmiljø<br>- Øk. tap<br><br>KommuneROS 2024, del 2 – s. 60, del 1/s. 64 | **Sannsynsreduserande/førebyggande tiltak:**<br>1. Etterretning<br>2.Tidleg oppdaging av sårbare barn/unge/potensielle risikopersonar<br>3. forsvarleg bemanning i tenester som har med sårbare personar og grupper å gjera<br>4. teoretisk og relasjonell kunnskap og kompetanse om korleis vi møter sårbare personar<br>5. godt samarbeid mellom politi, helse og skule – førebyggande forum for bekymringssamtalar ved urovekkande teikn til vald, ustabilitet, radikalisering osv.<br>**Konsekvensreduserande:**<br>6. ROS-analyser og sikringstiltak i samband med arrangement.<br>7. Nødetatar med forsvarleg kapasitet.<br>8. Godt samvirke på tvers av etatsgrenser.<br>9. Godt samarbeid mellom politi-helse-brann/redning<br>10. God oppfølging frå psykososialt kriseteam og oppfølgingstenester innan psykisk helse lokalt og regionalt. | X | | MIDDELS styrbarheit for kommunen:<br>Regjeringa sin handlingsplan mot radikalisering og valdeleg ekstremisme gir kommunane og andre aktørar i sivilsamfunnet ei meir aktiv rolle i det førebyggande arbeidet. Vi kan ikkje gardera oss heilt mot kriminelle handlingar, men vi kan gjera tiltak for å prøva å førebygga og forhindra slike valdshendingar og redusera konsekvensane av dei. Kommunen har ansvar for førebygging osv. Vi har òg eit ansvar for å vera pådrivar overfor andre styresmakter og samhandla med dei.<br>**Nasjonale myndigheiter:** 1. PST<br>**Kommunen** (2 + 3-4 + 10):<br>2. Oppvekst (føreb. helse/bhg./skule/fam. hus)<br>3. Komm.leiinga + komm.styret<br>4. Oppvekst + Helse og velferd (HVF)<br>10. Psykosos. kriseteam, HVF (+ HF)<br>**Samvirke** (5-9):<br>5. Skule, helse, politi<br>6. Su/kultur, frivillige arr., politi<br>7+8. Kommuneleiing, politi, helseføretak (HF)<br>9. Nødetatane (kommune, politi, HF) | 1. fortløpande<br>2-4. fortløpande<br>10. ved behov<br>5. fortløpande<br>6. ved arr.<br>7-9. fortløpande |
| **C**<br>S-18 Krig – sikkerheits-politisk konflikt | **Konsekvensreduserande:**<br>1. Kontakt og dialog: God dialog, korte avstandar mellom kommunen og HV – viktig at vi møtest og kan avklara ting etter kvart. | X | | MIDDELS styrbarheit for kommunen:<br>Kommunen har verkemiddel, kompetanse og ansvar til å gjennomføra nokre av dei føreslåtte tiltaka. Kommunen kan | 1. fortløpande<br>2. årleg<br>3. 2025 |

| | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|
| politisk konflikt<br><br>- Liv og helse<br>- Samf.stabilitet<br>- Natur-/kulturmiljø<br>- Øk. tap<br><br>KommuneROS 2024, del 2 – s. 78, del 1/s. 48 | 2. Beredskapsrådet: (kjennskap, kunnskap, ansvars- og arbeidsdeling, korleis vi kan kontakta kvarandre – viktig for å finna kvarandre raskare når det oppstår ein beredskapssituasjon).<br>3. Sikkerheitsklarering av kommunedirektøren og ev. andre sentrale personar i beredskapsarbeidet, slik at vi kan utveksla gradert informasjon ved behov.<br>4. Personelloversikt – kor mange tilsette i Bjørnafjorden kommune er HV-soldatar? Vernepliktige? Kva tenester blir ramma av mobilisering? | | | òg påverka føreslått oppfølging som lokal styresmakt og pådrivar overfor eksterne aktørar.<br><br>**<u>Kommunen:</u>**<br>3. Kommunedirektøren<br>**<u>Samvirke</u>** (1-2 + 4):<br>1. Kommunen (komm.dir., beredsk.kont., KKL) og HV 09-202 Bergen sør + HV 09-209 Ytre Hard.<br>2. Kommunen, politi, HV, HSFD, kyrkja, Røde Kors, NKS, BKK, Lysna, Framo Fusa.<br>4. Kommunen – SFVL? Nasjonalt? | 4. 2025/2026 og fortløp-ande deretter |
| D<br>S-14 PLIVO-hending (skuleskyting)<br><br>- Liv og helse<br>- Samf.stabilitet<br>- Øk. tap<br><br>KommuneROS 2024, del 2 – s. 55, del 1/s. 64 | **<u>Sannsynsreduserande/førebyggande tiltak:</u>**<br>1. Tidleg innsats overfor sårbare og risikoutsette barn og familiar.<br>2. Godt samarbeid mellom barnehage/skule og helsestasjon/barnevern.<br>3. Betre tverrfagleg innsats (BTI).<br>4. Økonomiske hjelpetiltak til låginntektsfamiliar.<br>5. Tidleg oppdaging av sårbare barn/unge/potensielle risikopersonar.<br>6. Tiltak for å gjera ungdommane våre robuste, t.d. MOT, IU (ingen utanfor) – halda fram/gjeninnføra.<br>7. Lågterskel hjelpetilbod: Ung Arena, ungdomsteam, SLT, ruskonsulent, helsesjukepleiarar på skulane, trygge vaksne på skulane.<br>8. Varierte, gode og inkluderande fritidstilbod.<br>9. Tilgjengelege hjelpetenester m/låg terskel (t.d. rask psykisk helsehjelp)<br>10. Forsvarleg bemanning i tenester som har med sårbare personar og grupper å gjera.<br>11. Teoretisk og relasjonell kunnskap og kompetanse om korleis vi møter sårbare personar.<br>12. Godt samarbeid mellom politi, helse og Oppvekst – fokus på urovekkande teikn til vald, ustabilitet, radikalisering m.m.<br>13. Låg terskel for å melda "bekymring" til andre instansar og etatar.<br>14. Felles strategi for førebygging – førebyggande plan + rettleiar for førebygging av radikalisering og valdeleg ekstremisme. SLT-møte.<br>15. Bruka NAV og deira verkemiddelapparat og kunnskap i førebyggande arbeid.<br>**<u>Konsekvensreduserande:</u>**<br>16. Godt samvirke på tvers av etatsgrenser,<br>17. Godt samarbeid mellom politi-helse-brann/redning.<br>18. Fysiske tiltak: Utforming av skulebygg – innebygd sikkerheit (ikkje så mykje glas, låsesystem osv.).<br>19. ROS-analyser og sikringstiltak.<br>20. Nødetatar med forsvarleg kapasitet.<br>21. Prosedyrar ved brann og andre kritiske hendingar på skulane, som kan nyttast òg ved ei PLIVO-hending. | X | 18 | <u>HØG styrbarheit for kommunen:</u><br>Regjeringa sin handlingsplan mot radikalisering og valdeleg ekstremisme gir kommunane og andre aktørar i sivilsamfunnet ei meir aktiv rolle i det førebyggande arbeidet. Vi kan ikkje gardera oss heilt mot kriminelle handlingar, men vi kan gjera tiltak for å prøva å førebygga og forhindra slike valdshendingar og redusera konsekvensane av dei.<br><br>**<u>Kommunen</u>** (1-5+7+9-11+15+18-19+21):<br>Mange av desse tiltaka må sjåast i samanheng med det pågåande arbeidet (2025) med heilskapleg innsatstrapp i Bjørnafjorden kommune:<br><br>1-3+5+7+9. Oppvekst (fam. hus/føreb. helse/utekontakt; bhg./skule); Helse og velferd (psykisk helse/rusføreb. ten.)<br>4 + 15. NAV<br>10. Komm.leiinga + komm.styret<br>11. Oppvekst + Helse og velferd (HVF)<br>18. Skule, Prosjekt, Eigedom drift<br>19. Oppvekst, Eigedom drift<br>10. Psykosos. kriseteam, HVF (+ HF)<br>21. Oppvekst/Skule<br><br>**<u>Samvirke</u>** (6, 8, 12-14 + 16-17 + 20):<br>6. Komm./Oppvekst + VLFK/vgs.<br>8. Komm.: Oppvekst, SU/kultur + frivillige lag/org.<br>12-14. Oppvekst/skule, helse, politi<br>16+20. Kommuneleiing, politi, helseføretak (HF)<br>17. Nødetatane (kommune, politi, HF) | 1-2+5. fortløpande<br>3+4. er i gang<br>6. fortløpande<br>7+11. fortløpande<br>8. fortløpande<br>9. fortløpande<br>10. fortløpande<br>12+13. fortløpande<br>14. 2025 + fortløpande<br>15. fortløpande<br>16-17. fortløpande<br>18. vurdera v. rullering av skulebruks-planen 2028<br>19. fortløpande<br>20. fortløpande<br>21. fortløpande |

| | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|
| **E**<br>S-1 Stor og alvorleg pandemi<br><br>- Liv/helse<br>- Samf.stabilitet<br>- Øk. tap<br><br>KommuneROS 2024, del 2 – s. 3, del 1/s. 59 | **<u>Konsekvensreduserande:</u>**<br>1. Utvikla vaksinar og legemiddel.<br>2. Sikra leveranse av desse.<br>3. Gode planar (smittevernplan + pandemiplan).<br>4. Nødvendig verneutstyr.<br>5. Kunnskap blant dei tilsette.<br>6. Øvingar.<br>7. Eigenberedskap. | 3-7 | 1-2 | <u>LÅG styrbarheit for kommunen:</u><br>Ei global hending som det er umogleg for kommunen å verja seg mot. Vi kan gjera tiltak for å red. konsekvensane. Vi er likevel avhengige av internasjonalt samarb. både for å utvikla vaksinar og legemiddel, og for å sikra leveranse av desse.<br>**<u>Nasjonalt/globalt</u>** (1-2)<br>**<u>Kommunen</u>** (3-7):<br>3. Helse og velferd (HVF), komm.overlege<br>4-5. HVF<br>6. HVF/beredskap<br>7. Heile kommunen | 3. årleg rullering smittevernplan + ny pandemi-plan v. ny p.<br>4-5 + 7. fortløpande<br>6. sjå i samanh. m. samla øvings-aktivitet i kommunen |
| **F**<br>S-3 Ekstremvêr<br><br>- Liv/helse<br>- Samf.stab.<br>- Kulturmiljø<br><br>KommuneROS 2024, del 2 – s. 9, del 1/s. 60 | **<u>Konsekvensreduserande:</u>**<br>1. Vidare flaumsone- og skredfarekartlegging inkl. kvikkleire.<br>2. Ta omsyn til klimaendringar (20 % klimapåslag) og SSB i arealplan-legging og byggesaksbehandling (jf. Pbl) – vurdera flaumfare og storm-florisiko knytt til havnivåstiging, skredfare, kvikkleireomr. og fare for kvikkleireskred – og tilpassa oss klimaendringane.<br>3. Halda fram deltakinga i det interkomm. Skredfareprosjektet.<br>4. Planar/tiltakskort for flytting av drift til alternative lokale ved store skadar på bygg (barnehage/skule/andre off. bygg).<br>5. Stenga barnehagar og skular ved varsel om ekstremvêr, der det er stor risiko for farlege hendingar på reiseveg til/frå, eller for at skred/flaum rammar bygg.<br>6. God informasjon frå infrastruktureigarar til kommunane om situasjonen.<br>7. Vegstyresmaktene må arbeida vidare for å kunna gi endå betre oversikt over situasjonen på vegnettet til ei kvar tid, for at kommunar/ nødetatane skal kunna oppretthalda kritiske tenester.<br>8. Prosedyrar for kontakt mellom politiet og kommunane om vurderingar kring skred- og flaumfare og behovet for evakuering.<br>9. Rutinar for informasjon frå Nkom- og ekom-tilbydarane til kommunane/ nødetatane om ekomutfall, særl. ved langvarige hendingar. | X | | <u>MIDDELS styrbarheit for kommunen:</u><br>Kommunen har både ansvar for, og verkemiddel til, å følgja opp nokre av tiltaka, medan vi ved andre tiltak er pådrivar overfor eksterne aktørar.<br><br>**<u>Kommunen</u>** (1-4)<br>1-3. Plan/byggesak<br>4. Resp. tenesteomr.<br>5. Bhg./skule – i samråd med KKL<br><br>**<u>Samvirke/andre aktørar</u>** (5-8)<br>6. Infrastruktureigarar<br>7. SVV og VLFK<br>8. Vest politidistr., SFVL. (SFVL vil ta initiativ overfor Vest politidistrikt om dette).<br>9. Nkom/ekom-tilbydarane, SFVL. (SFVL vil ta initiativ overfor Nkom/ekom-tilbydarar). | 1. 2026-2027<br>2. fortløpande<br>3. årleg<br>4. I gang. 2025-26.<br>5. ved behov |
| **G**<br>S-6 Atomhending, radioaktivt nedfall<br>- Samf.stabilitet<br>- Naturmiljø<br>- Øk. tap<br>KommuneROS 2024, del 2 – s. 21, del 1/s. 61 | **<u>Konsekvensreduserande:</u>**<br>1. Gode planar.<br>2. Nødvendig verneutstyr.<br>3. Kunnskap blant dei tilsette.<br>4. Øvingar.<br>5. Eigenberedskap. | 1<br>3<br>4<br>5 | 2 | <u>MIDDELS styrbarheit for kommunen:</u><br>Kommunen kan påverka føreslått oppfølging som lokal styresmakt og pådrivar overfor eksterne aktørar.<br><br>**<u>Kommunen</u>** (1-5):<br>1 + 4. Beredskapkontakt, komm.overlege<br>2-3: Heimetenester, legevakt, brann/redning, teknisk vaktmannskap (SVA, Eigedom drift),<br>5. Innbyggarar og tenesteområde | 1. Årleg rullering<br>2. 2026<br>3. fortløpande<br>4. sjå i samanh. m. samla øvings-aktivitet i kommunen<br>5. fortløpande |
| **H**<br><br>S-11 Drikkevassboren sjukdom | **<u>Sannsynsreduserande:</u>**<br>1. Sikra fjellbassenget ved å leggja sperre i taket.<br>2. Skifta ut gamalt leidningsnett, redusera lekkasjar. | 3-6<br>8 | 1-2<br>7 | <u>MIDDELS styrbarheit for kommunen:</u><br>Kommunen har ansvar og verkemiddel til å gjennomføra det meste av tiltaka, og kan elles som lokal styresmakt påverka og vera pådrivar overfor t.d. private vassverk. | 1. innan 2030<br>2. årleg<br>3. snarast råd<br>4-6. straks v. hending |

| | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|
| - Liv/helse<br>- Samf.stabilitet<br><br>KommuneROS 2024, del 2 – s. 44, del 1/s. 63 | **Konsekvensreduserande:**<br>3. Identifisera smittekjelda raskt.<br>4. Vera proaktive og innføra konsekvensreduserande tiltak som kokepåbod, sjølv om smittekjelda ikkje er identifisert/det ikkje er fastslått at smitten kjem frå vatn.<br>5. Informasjon til innbyggarane om korleis dei kan redusera smittefaren ved å reinsa eller koka vatn.<br>6. Levera ut nødvatn frå kommunen – særleg til sårbare grupper.<br>7. Meir nødvassutstyr: 4 ferdig utstyrte nødvasshengarar.<br>8. Eigenberedskapskampanjar: Tilrå heimelager på 20 l vatn pr. pers., for å dekkja grunnleggande behov i ei veke. | | | **Kommunen** (1-8):<br>1-2. VA<br>3-5. VA (komm. vassverk)<br>6. VA/Bergen vann<br>7. VA<br>8. Komm./beredskapsrådg., BBR, heimesida + frivillige frå Røde Kors & sanitetsfor.<br>**Samvirke** (3-5 + 8):<br>3-5. Private vassverk<br>8. Innbyggarane, frivillige frå Røde Kors & sanitetsfor. | 7. innan 2030<br>8. årleg |
| I<br>S-10 Langvarig straumbrot<br><br>- Samf.stabilitet<br>Øk. tap<br><br>KommuneROS 2024, del 2 – s. 39, del 1/s. 62 | **Sannsynsreduserande:**<br>1. Vidare sikring av fysiske anlegg.<br>2. Elektronisk sikring (IKT-sikkerheitstiltak).<br>**Konsekvensreduserande:**<br>3. Innkjøp av fleire aggregat.<br>4. Stor dieseltank – 6000 liter.<br>5. Lager med gassdrivne omnar/parafinomnar.<br>6. Beredskapslager – med medisinsk materiell og teknisk materiell.<br>7. Sikra forsvarleg oppfølging og vedlikehald av eksisterande tiltak som nødstraumforsyning for kritisk tenesteproduksjon og beredskap for bortfall av varmekjelder (testing av aggregat, drivstofflager)<br>8. Energitiltak – fornybar energi. (NB! Avhengig av å ha straum/spenning på nettet for å kunna nytta det).<br>9. KKL må koordinera tiltak i samarbeid med frivilligheita, f.eks. samarbeid med frivilligsentralane, Røde Kors og sanitetsforeiningane om å ta vare på sårbare personar i nabolaget.<br>10. Beredskapsplan/ressursoversikt som viser kva ein har på lager ved ei krisehending.<br>11. Beredskapsplan/sjekkliste for langvarig bortfall av straum på den enkelte eining (nokon har det på plass).<br>12. Øving på krisescenario straumbrot.<br>13. Heimetenesta oppdaterer evakueringsrutinar for sårbare brukarar.<br>14. Eigenberedskap: Årleg info til innbyggarane om å førebu seg på kald årstid med mogleg straumbrot (alternativ varmekjelde, ved, nødproviant, stearinlys, lommelykt/batteri).<br>15. Vurdera alternativ oppvarming i kommunale bygg/bustadar.<br>16. Finna bygg som kan nyttast som varmesentral.<br>17. Det bør utarbeidast plan for å utnytta at dei to sidene av kommunen/fjorden høyrer til ulike nettområde, slik at vi kan dra nytte av den fordelen at ein del av kommunen kan ha straum v/utfall. | 6-7<br>9<br>10<br>11<br>12<br>13<br>14<br>16<br>17 | 1-5<br>8<br>15 | <u>MIDDELS styrbarheit for kommunen:</u><br>Kommunen har ansvar, kompetanse og verkemiddel til å gjennomføra dei fleste av dei føreslåtte konsekvensreduserande tiltaka.<br><br>**Kommunen** (3-8 + 10-16):<br>3. Eigedom drift, VA<br>4. Eigedom drift, VA<br>5. Eigedom drift, VA<br>6. Helse og velferd, Eigedom drift, VA<br>7. VA, Eigedom drift<br>8. Prosjekt, Eigedom drift<br>10. Relevante tenesteomr.: VA, Eigedom drift, BBR, Helse og velferd<br>11. Tenesteområda<br>12A. Eigedom drift (internøving)<br>13. Heimetenester<br>14. Brann/redning, beredskapskontakt, heimesida<br>15. Eigedom drift, Prosjektavd., kommuneleiinga<br>16. KKL, beredskapskontakt, kommuneoverlege, BBR, Eigedom drift<br><br>**Samvirke** (9 + 12 + 14 + 17):<br>9. KKL, Røde Kors, sanitetsforeiningane, frivilligsentralane /andre frivillige<br>12B. Samvirkeøving: KKL, krisestab, utvalde tenesteomr., nettselskapa, ev. RK<br>14. Innbyggarane<br>17. Eigedom drift, beredskap, relevante tenesteomr. + nettselskapa<br><br>**Andre aktørar** (1-2):<br>1-2. Nettselskap og straumprodusentar | 3-5+8. Sjå i samanheng med straum-beredskapspl. Oppstart 2025<br>6. 2025-26<br>7. årleg, fortløpande<br>9. fortløpande<br>10. årleg rev.<br>11. 2025-26<br>12A. 2025-26<br>12B. 2026-27<br>13. 2025 – er i gang<br>14. kvar haust<br>15. fortløpande<br>16. 2025-26<br>17. 2026 |

| | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|
| **J**<br>S-7 Brann i tettbygd område<br>- Liv/helse<br><br>KommuneROS 2024, del 2 – s. 25, del 1/s. 61 | **<u>Sannsynsreduserande/førebyggande tiltak:</u>**<br>1. Formelt og tett samarbeid mellom brann/redning og tenestene innan Helse og velferd.<br>2. Møtepunkt mellom brannvesenet og risikogrupper med pårørande.<br>3. Tiltak retta mot risikoutsette grupper, informasjonsarbeid og utdeling av komfyrvakter, røykvarslarar og brannteppe.<br>4. Fokus på persontryggleik i samband med feiing og tilsyn med fyringsanlegg.<br>5. Oppmoda innbyggarane – gjerne gjennom lokalavisa og sosiale medium – om å melda inn bekymringsmeldingar knytt til brann på branntips.no.<br>6. Kartlegga om det er fleire «institusjonar» (etter BBR sin def.) i kommunen som krev assistert rømming, og registrera desse som særskilde brannobjekt.<br>7. Jobba opp mot bygningseigarar av dei institusjonane der BBR ikkje greier kravet til utrykkingstid, for å få sett i verk kompenserande tiltak.<br>**<u>Konsekvensreduserande:</u>**<br>8. Tett samarbeid mellom førebyggande avdeling og beredskaps-avdelinga i BBR for å utveksla informasjon om risikoutsette grupper og kvar dei bur.<br>9. Regelmessige røykdykkar- og evakueringsøvingar.<br>10. Samøvingar med andre nødetatar og bygningseigarar i aktuelle institusjonar.<br>11. Sikra sløkkevassforsyning (heng saman med tiltak 12).<br>12. Vasstankbil på fusasida av fjorden.<br>13. Vassveggar, danna av sløkkemannsk./-strålar som vern mot spreiing.<br>14. Drone (bistandsressurs).<br>15. Leiarstøtte frå Vest brann- og redningsregion (VBR) | 1-9<br>10<br>11<br>13<br>14<br>15 | 12 | <u>HØG styrbarheit for kommunen:</u><br>Kommunen har ansvar, kompetanse og verkemiddel til å følgja opp føreslåtte tiltak.<br><br>**<u>Kommunen</u>** (1+3-4+6+8-9+11-13):<br>1. BBR, Helse og velferd<br>3. BBR/førebyggande avd., Helse og velferd<br>4. BBR/førebyggande avd.<br>6. BBR<br>8. BBR<br>9. BBR<br>11-12. Kommuneleiinga/kommunestyret og BBR<br>13. BBR<br><br>**<u>Samvirke</u>** (2+5+7+10+14-15):<br>2. BBR, relevante tenesteomr., innb. (brukarar og pårørande)<br>5. Komm.: BBR/eigne SOME + heimesida, lokalmedium og innbyggarane<br>7. og off. og private bygningseigarar/institusjonar<br>10. BBR, politi, helse og off. og private bygningseigarar/ institusjonar<br>14. Andre kommunar i Vest brann- og redningsregion (VBR) (Bergen, Stord)<br>15. Vest brann- og redningsregion (VBR)<br><br>**<u>Andre aktørar:</u>**<br>13. Bygningseigarar | 1. fortløpande<br>2. årleg<br>3. årleg<br>4. fortløpande<br>5. årleg<br>6. 2025<br>7. 2025<br>8. fortløpande<br>9. fleire gongar årleg<br>10. årleg/etter behov<br>11. fortløpande arbeid<br>12. 2026<br>13. v/behov<br>14. v/behov<br>15. v/behov |
| **K**<br>S-8 Tunnelbrann/ trafikkulukke i tunnel<br>- Liv/helse<br>KommuneROS 2024, del 2 – s. 29, del 1/s. 61 | **<u>Sannsynsreduserande/førebyggande tiltak:</u>**<br>1. Oppgradering av Stussvikhovdatunnelen i samsvar med tilråding (TSF + SVV-handbok N500) – og dei to andre tunnelane i Bjørnafjorden på denne lista over oppgraderingsbehov etter TSF (Moshovdatunnelen og Kråkeskartunnelen, begge på FV 48).<br>**<u>Konsekvensreduserande:</u>**<br>2. Tankbil til Eikelandsosen brannstasjon.<br>3. Utdanning og kompetanseutvikling både innan førebygging og beredskap i BBR.<br>4. ATV til Eikelandsosen brannstasjon. | 3 | 1<br>2 | <u>MIDDELS styrbarheit for kommunen:</u><br>Kommunen har både ansvar og verkemiddel til å gjennomføra nokre av tiltaka, og ei pådrivarrolle overfor andre aktørar som opererer i Bjørna-fjorden, når det gjeld samf.sikkerheit og beredskap.<br>**<u>Kommunen</u>** (2-3):<br>2. Kommuneleiinga og kommunestyret + BBR<br>3. BBR<br>4. Kommuneleiinga og kommunestyret + BBR<br>**<u>Andre aktørar</u>**:<br>1. Vegeigar VLFK | 2. 2026<br>3. fortløpande<br>4. 2026 |
| **L**<br>S-9 Ferjebrann - med farleg gods om bord | **<u>Konsekvensreduserande:</u>**<br>1. Samarbeid med ferjeselskapa: God dialog mellom vertskommune og rederi *før* det oppstår hendingar, om risiko, om roller og ansvarsdeling ved ei ev. uønskt hending. | X | | <u>MIDDELS styrbarheit for kommunen:</u><br>Kommunen har ei pådrivarrolle overfor andre aktørar som opererer i Bjørnafjorden, når det gjeld samf.sikkerheit og beredskap. | 1. fortløpande<br>2. snarast råd ved hending<br>3. kvart 3. år<br>4. v/hending |

| | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|
| - Liv/helse<br><br>KommuneROS 2024, del 2 – s. 34, del 1/s. 62 | 2. Ved ei slik hending er det viktig med tidleg avklaring av om det er ein kommunal aksjon eller ein RITS-K-aksjon.<br>3. Felles øvingar med ferjemannskap, brann/redning, politi og helse – ikkje minst på evakuering.<br>4. Godt samarbeid med/bistand frå RITS-gruppa og CBRNE-eininga i Bergen brannvesen.<br>5. Kompetanseheving: Bruka evalueringsrapporten frå Vest brann- og redningsregion (VBR) etter 2019-brannen og tilhøyrande undervisnings-opplegg, for å auka kunnskapen om risiko, moglegheiter og metodar ved brann i batteri.<br>6. Fokus på tryggleikssoner ved rednings- og sløkkearbeidet.<br>7. Ny, robust BBR-båt.<br>8. Vera nøye med å overhalda reglane for korleis transport av farleg gods skal handterast.<br>**<u>Sannsynsreduserande:</u>**<br>9. Tett oppfølging av sikkerheit og beredskap ved innføring av ny teknologi.<br>10. Innebygd sikkerheit i batterirom.<br>11. Nye råd frå Sjøfartsdirektoratet etter el-ferjebrannen i 2019: Fartøy skal ikkje vera i operasjon utan kommunikasjon mellom EMS (Energy management system) og batteripakkene, då dette kan medføra at ein ikkje får formidla viktige systemdata til EMS/brua. | | | Forskrifta krev redusert passasjertal ved transport av farleg last av ulike slag. Det avgrensar omfanget av ei mogleg ulukke, men så lenge ferjene transporterer både farleg last og personar, kan ein ikkje gardera seg heilt mot ei slik ulukke. Det er uansett òg ein risiko knytt til ferjedrift, anten det er ferjer med ny teknologi eller gamle dieselferjer.<br><br>**<u>Kommunen</u>** (1):<br>5. BBR (+ KKL)<br>7. Kommuneleiinga og kommunestyret + BBR<br><br>**<u>Samvirke</u>** (1-4 + 6):<br>1. Kommunen/BBR, KKL, ferjerederi og -mannskap<br>2. Kommunen/BBR/KKL, Kystverket, rederiet, Bergen brannvesen/RITS-K-gruppa og CBRNE-eininga<br>3. BBR, ferjemannskap, politi, helse, ev. RITS-K/CBRNE-ein.<br>4. BBR, Bergen brannvesen/RITS-K-gruppa og CBRNE-eininga, dei andre nødetatane, ferjemannskapa<br>6. BBR og dei andre nødetatane, ferjemannskapa<br><br>**<u>Andre aktørar</u>** (7-10):<br>8. Ferjeselskapa og -mannskapa, transportørar<br>9. Myndigheiter, teknologiprodusentar, brukarar (t.d. ferjeselskap og -mannskap)<br>10. Myndigheiter, teknologiprodusentar, verft og rederi<br>11. Sjøfartsdirektoratet, rederi og ferjemannskap | 5. årleg<br>6. v/hending<br>7. 2027 |
| **M**<br>S-12 Eksplosjon ved gassanlegg Halhjem<br><br>- Liv/helse<br><br>KommuneROS 2024, del 2 – s. 48, del 1/s. 63 | **<u>Konsekvensreduserande:</u>**<br>1. Informera naboar og andre om å ta følgjande forholdsreglar, viss det skulle oppstå brann og/eller gasslekkasje (anbefaling frå Gasnor):<br>• Anta i utgangspunktet at røyken/gassen er brennbar, inntil du får annan informasjon.<br>• Lat att vindauge og lufteventilar.<br>• Sørg for at alle held seg innandørs, dersom det ikkje er gitt beskjed om noko anna.<br>• Er du utandørs, bør du vera merksam på vindretning og bevega deg bort frå området røyken/gassen vil driva til.<br>• Stump røyken, unngå bruk av open flamme, slå av bilmotor og andre opplagde tennkjelder.<br>• Slå av mobiltelefon.<br>• Bevar fatninga – det er ingen grunn til panikk.<br>• Følg alle instruksar og oppmodingar frå politi og brann-/redningsteneste.<br>2. Dersom nokon oppdagar noko unormalt inne på LNG-terminalen: Kontakt brannvesenet, politiet og driftsvakta til Gasnor.<br>3. For å kunna oppretthalda ferjedrift: Levera og fylla LNG direkte til ferjene med trailer. | X | | <u>MIDDELS styrbarheit for kommunen:</u><br>Kommunen: Pådrivarrolle. Bistå med informasjonsarbeidet. Operatør er underlagt krav frå storulykkeforskrifta og blir tett følgd opp av DSB og miljødirektoratet. Det er gjennomført detaljerte risikoanalysar av anlegget.<br><br>**<u>Samvirke operatør-kommune-innbyggarar:</u>**<br>1. Informera: Operatør og kommunen/heimesida.<br>Følgja forholdsreglane: Innbyggarar og andre som oppheld seg i området<br>2. Tipsa/varsla: Naboar/andre som oppheld seg i omr.<br>Agera på meldingar; handtera brann og/eller lekkasje: kommunen/brann og redning og dei andre nødetatane, operatør<br>3. Operatør/gassleverandør | 1. fortløpande på heimesida. Rev. v/ny info frå Gasnor<br>2. v/varsel om mistanke om noko unormalt |

| | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|
| **N**<br>S-16 Stort digitalt angrep på kommunen<br><br>- Samf.stabilitet<br><br>KommuneROS 2024, del 2 – s. 64, del 1/s. 64 | **Sannsynsreduserande:**<br>1. Meir brukaropplæring – bevisstgjering av tilsette.<br>2. Meir testing (phishing, penetrasjon, restore).<br>3. Fleire sikkerheitstenester – høgare lisensnivå helse og skule.<br>4. Auka kompetanse.<br>5. Auka fokus på sikkerheit knytt til digitalisering – ikkje berre mogleg effektiviseringsgevinst.<br>6. Arbeida etter NSM sine grunnprinsipp for sikkerheitsstyring m/tiltak: Identifisera og kartlegga > Beskytta og oppretthalda > Oppdaga > Handtera og gjenoppretta.<br>7. Styringssystem for informasjonssikkerheit og personopplysnings-sikkerheit (etablera og dokumentera).<br>8. Gjennomføra ROS-analysar for alle komponentar i infrastrukturen.<br>**Konsekvensreduserande:**<br>9. Sikkerheitssenter 24/7 (regionalt), ev. med Insident responsteam mm.<br>10. Test av beredskapsplan. Beredskapsplanar må innehalda plan for og kontrakt med eit eksternt IKT-hendingshandterings- og gjenopprettings-team + ha eit kapittel om korleis vi handterer sensitive person-opplysningar på avvegar (NTNU-rapport 28.9.2022).<br>11. Meir segmentering av IT infrastruktur.<br>12. Ha papirversjon av viktige dokument/opplysningar – t.d. medisinlister, beredskapsplanverk, varslingslister, turnuslister osv. | X | 3 | MIDDELS styrbarheit for kommunen:<br>Bjørnafjorden kommune kan sjølv setja i verk fleire enkle tiltak og kan påverka tiltak i regional samanheng.<br><br>**Kommunen** (1 + 4-8 + 10-12):<br>1. IT-avd.<br>4. IT-avd.<br>5. Kommuneleiinga/leiargruppa og tenesteomr.<br>6. IT-avd.<br>7. Sikkerheitsforum, IT-avd., personvernkoordinator/ ansvarleg for kvalitetssystemet<br>8. IT-avd.<br>10. IT-avd.<br>11. IT-avd.<br>12. Alle tenesteomr.<br><br>**Samvirke** (2-3 + 9-10)<br>2. Kommunen/IT-avd. og ekstern(e) aktør(ar)<br>3. Kommunen/IT-avd. og leverandørar<br>9. Kommunen/IT-avd. og ekstern aktør<br>10. Kommunen/IT + IKT-hendingshandterings- og gjenopprettingsteam | 1. fortløpande<br>2. årleg<br>3. v/behov for oppgradering<br>4. fortløpande<br>5. fortløpande<br>6. kontinuerleg<br>7. kontinuerleg<br>8. fortløpande<br>9. kontinuerleg<br>10. 2025 rev. plan, årleg test<br>11. fortløpande<br>12. fortløpande |
| **O**<br>S-2 Jordskjelv<br><br>- Kulturmiljø<br><br>KommuneROS 2024, del 2 – s. 5, del 1/s. 59 | **Konsekvensreduserande:**<br>1. Sjå til at reglane for jordskjelvsikring av bygningar og infrastruktur blir etterlevde<br>2. Oppretta rutinar for befolkningsvarsling ved jordskjelv. Ha klar meldingsmal for SMS/talemelding f.eks. | X | | MIDDELS styrbarheit for kommunen:<br>Det er ikkje mogleg å hindra naturlege jordskjelv – ingen kjende tiltak kan gjerast for å redusera sannsyn. Kommunen har kriseleiing og varslingssystem for å senda ut SMS og varsla innbyggarar. Kommunen kan òg påverka oppfølging som lokal styresmakt innan byggesak, og vera pådrivar overfor eksterne aktørar innan byggebransjen.<br>**Kommunen** (1-2):<br>1. Plan/byggesak<br>2. Kommunikasjon | 1. fortløpande<br>2. 2026 |
| **P**<br>S-4 Ekstrem tørke med lynnedslag<br><br>- Kulturmiljø<br><br>KommuneROS 2024, del 2 – s. 14, del 1/s. 60 | **Sannsynsreduserande:**<br>1. Varsla kommune og innbyggarar (i god tid).<br>2. Vurdera å auka beredskap.<br>**Konsekvensreduserande:**<br>3. Lynavleiar på sårbare bygg/kulturminne.<br>4A. Sprinklaranlegg/overrislingsanlegg eller $CO_2$-anlegg på freda kultur-minne (Os gml. prestegard + Askviknes, og ev. andre sårbare kulturm.)<br>4B. Kulturminne: Direktekopla brannvarsling til 110-sentralen.<br>5. Kulturminne: Restverdiredning (RVR) – samarb. mellom brannvesenet og forsikringsbransjen om skadered. av følgeskadar v/brann, vass-lekkasjar o.l.<br>6. Tankbil i beredskap for å sikra tilgang på vatn.<br>7. Tett samarbeid mellom kommunen og grunneigarar for å unngå flatehogst, særleg i skrånande terreng. | 1-2<br>5-9 | 3-4 | MIDDELS styrbarheit for kommunen:<br>Kommunen har ansvar, verkemiddel og kompetanse til å gjennomføra dei fleste av tiltaka, og kan som lokal styresmakt og pådrivar overfor eksterne aktørar, prøva å påverka eigar av kulturminne til å t.d. installera lynavleiar + sprinklaranlegg.<br>**Kommunen** (2 + 6+ 8-9):<br>2. BBR, VA<br>4. Komm. kulturminne: Kultur/Eiged. drift<br>6. BBR (VA: nødvatn)<br>8. Plan/byggesak<br>9. Landbruk + BBR<br>**Samvirke/andre aktørar** (1 + 3-5 + 7):<br>1. Varslingstenestene (NVE, MET) og komm./heimesida<br>3. Bygnings-/kulturminneeigarar | 1 + 2. v/oransje/raudt farevarsel for terrengbrann, v/langvarig tørke, v/varsla torevêr/lyn<br>4A. treng vidare utgr.<br>4B. snarast<br>5. v/hending<br>6. v/langvarig /ekstrem tørke<br>7. fortløpande<br>8. v/endringar<br>9. 2025-26 |

| | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|
| | 8. Ved endra terrengforhold bør det gjerast ei ny vurdering av faresoner (i høve til NVE-rapport 2017).<br>9. Kategorisera skogane i kommunen etter risikoen for skogbrann, samarbeid mellom landbrukskontoret og brannvesenet. | | | 4-5. Bygnings-/kulturminneigarar (ansvar) og komm./kultur/BBR (informasjonsarbeid/pådrivarar)<br>7. Komm./landbruk + innb./grunn- og skogeigarar | |
| **Q**<br>S-5<br>Kvikkleireskred<br><br>KommuneROS 2024, del 2 – s. 18, del 1/s. 60 | **Sannsynsreduserande:**<br>1. Kartleggja kvikkleireområde i heile kommunen meir detaljert (kvikkleiresonekart, som kombinerer terrengdata og marin grense).<br>2. Sikra at det blir stilt krav om utgreiing ved reguleringsplanarbeid og søknad om tiltak (byggetiltak, hogst, m.m.)<br>**Konsekvensreduserande:**<br>3. Beredskapsplanar/sjekklister<br>4. Fleire ringleidningar for vatn<br>5. Sikra omkøyringsvegar<br>6. Følgja med på farevarsel (ekstremnedbør m.m.) frå varsom.no | 2<br>3<br>5<br>6 | 1<br>4 | MIDDELS styrbarheit for kommunen:<br>Kommunen kan påverka føreslått oppfølging som lokal styresmakt, medeigar og pådrivar overfor eksterne aktørar.<br>**Kommunen** (2-6):<br>2. Plan/byggesak + landbruk<br>3. Beredskap, plan/byggesak, SVA<br>4. SVA<br>5. SVA (– i samarbeid med VLFK og SVV)<br>6. SVA, beredskap/KKL/BBR<br>**Samvirke:**<br>1. Plan/byggesak + NVE | 1. 2026-27<br>2. fortløpande<br>3. årl. rev. av relevante sjekklister<br>4-5. vurdera etter at kvikk-leiresonekarta er på plass<br>6. fortløpande |
| **R**<br>S-17 Svekka grunnberedskap<br><br>KommuneROS 2024, del 2 – s. 68, del 1/s. 65 | **Sannsyns- og konsekvensreduserande:**<br>1. Gjennomføra ROS-analysar og konsekvensanalysar før nedskjerings-forslag. Vurdera både forsvarlegheit og samf.økonomiske konsekvensar.<br>2. Reell auke i ressursar til beredskap – meir enn kostnadsauke og i samsvar med auka oppgåver og ansvar.<br>3. Heilskapssyn på samfunnssikkerheit og beredskap.<br>4. Skapa forståing for at beredskap kostar.<br>5. Totalforsvarskommisjonen anbefaler å:<br>- vidareutvikla grunnberedskapen for å sikra ein tilstrekkeleg god og desentralisert beredskap (politi, brann, helse)<br>- forskriftsfesta dimensjonering av grunnberedskap der det ikkje alt er gjort<br>- setta krav til kor stor del av befolkninga som skal nåast av ein kvalifisert respons innanfor eit gitt tal minutt<br>- utgreia tettare samarbeid mellom ambulanseress. og komm.helse-tenesta<br>- vurdera brann-/redningsvesenet sitt behov for kompetanse og kapasitet<br>- gå gjennom oppgåvefordelinga mellom nødetatane<br>- styrka beredskapen for å kunna handtera naturkatastrofar<br>- styrka den psykososiale beredskapen, og utvikla nasjonale faglege retningslinjer for oppfølging<br>- styrka beredskapsrollen til frivillige organisasjonar. | X | | MIDDELS styrbarheit for kommunen:<br>Kommunen har verkemiddel, kompetanse og ansvar til å gjennomføra nokre av dei føreslåtte tiltaka. Kommunen kan òg påverka føreslått oppfølging som lokal styresmakt og pådrivar overfor eksterne aktørar.<br><br>**Samvirke** (1-4):<br>1. komm., politi, HF, VLFK<br>2. komm., politi, HF, VLFK<br>3. komm., politi, HF, VLFK<br>4. komm., politi, HF<br><br>**Nasjonale myndigheiter** (2 + 5):<br>2. Storting/regjering<br>5. Storting/regjering | 1-4.<br>Fortløpande |

## 2.2. **Tabell 2:** FAGLEG PRIORITERTE KOMMUNALE TILTAK MED DEFINERT KOSTNAD

| Nr. | Prioritert tiltak | OBS-nr. og tiltaksnr. i tab. 1 | Sidetal i K-ROS + scenarionr. | Drift | Investering | Ansvar | Gjennomføring/frist | Kr. | Merknad |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| 1 | **Vassforsyningsberedskap:** Oppgradering av sikringstiltak (gjera anlegga endå vanskelegare tilgjengelege, investera i meir avansert overvaking, inngjerding og tilgangskontroll til alle VBA og høgdebasseng) | OBS-nr. A tiltak nr. 2 | Del 1/s. 64, del 2/s. 52, S-13 | X | | SU/ SVA | Jamleg | 0,15 mill./år fram til 2030 | Jamleg oppgradering av sikkerh.tiltak v. vba/hb frå driftsbudsjettet |
| 2 | **Vassforsyning:** Skifta ut gamalt leidningsnett – redusera lekkasjar | OBS-nr. H tiltak nr. 2 | Del 1/s. 63, del 2/s. 44, S-11 | | X | SU/ SVA | Årleg | 10-20 mill. /år | Ligg i hovudplan VA |
| 3 | **Vassforsyning:** Sikra fjellbassenget ved å leggja sperre i taket | OBS-nr. H tiltak nr. 1 | Del 1/s. 63, del 2/s. 44, S-11 | | X | SU/ SVA | Innan 2030 | 3,5 mill. | Har fått pristilbod |
| 4 | **Vassforsyning/nødvatn:** Fire fullt utstyrte nødvasshengarar over ein 5-årsperiode | OBS-nr. A+H tiltak nr. 7 | Del 1/s. 63, del 2/s. 44, S-11 | | X | SU/ SVA | Innan 2030 | ca. 0,5 mill. /stk. | Har fått pristilbod |
| 5 | **Ekstremvêr/flaum/skred:** Vidare flaumsone- og skredfarekartlegging (inkl. kvikkleire) | OBS-nr. F tiltak nr. 1 | Del 1/s. 60, del 2/s. 9, S-3 | X | | SU/ Plan og byggesak | 2026/27 | Må avklarast i KPA-arb. | I samband m. ny KPA |
| 6 | **Skredberedskap:** Halda fram deltakinga i det interkommunale skredfareprosjektet (m/komm.geologteneste, vertskommune Kvam) | OBS-nr. F tiltak nr.3 | Del 1/s. 60, del 2/s. 9, S-3 | X | | SU/ Plan og byggesak | Årleg | 0,15 mill. /år | Eksisterande tiltak |
| 7 | **Cybersikkerheit:** Fleire sikkerheitstenester, høgare lisensnivå – treng heving av helse og skule | OBS-nr. N tiltak nr. 3 | Del 1/s. 64, del 2/s. 64, S-16 | X | | HR/ IT-avd. | 2026 | 2 mill. | Del av IT sitt driftsbudsjett |
| 8 | **Cybersikkerheit:** Sikkerheitssenter 24/7 (regionalt) | OBS-nr. N tiltak nr. 9 | Del 1/s. 64, del 2/s. 64, S-16 | X | | HR/ IT-avd. | kontinuerleg | 0,5 mill./år | Del av IT sitt driftsbudsjett |
| 9 | **Straumberedskap:** Fleire aggregat, m.a. til VA, og klargjering for mogleg oppkopling av mobile aggregat fleire stadar, m.a. på hovudlokala for EPS (Os idrettspark + Fjorden arena) | OBS-nr. I tiltak nr. 3 | Del 1/s. 62, del 2/s. 39, S-10 | | X | SU/ VA + Eigedom drift | # | ca. 30.000/stk. (5-7 kW) | # Sjå i samanheng med straumberedskapsplan |
| 10 | **Straumberedskap:** Stor dieseltank – 6000 liter | OBS-nr. I tiltak nr. 4 | Del 1/s. 62, del 2/s. 39, S-10 | | X | SU/ VA + Eiged. drift | # | Ca. 60.000 | # Sjå i samanheng med straumberedskapsplan |
| 11 | **Straumberedskap:** Alternativ oppvarming i kommunale bygg og bustadar | OBS-nr. I tiltak nr. 16 | Del 1/s. 62, del 2/s. 39, S-10 | | X | SU/ Eiged. drift | # | # | # Sjå i samanheng med straumberedskapsplan |
| 12 | **Straumberedskap:** Lager med gassdrivne omnar | OBS-nr. I tiltak nr. 5 | Del 1/s. 62, del 2/s. 39, S-10 | | X | SU/ Eigedom drift | # | Ca. 3000/stk (3 kW) | # Sjå i samanheng med straumberedskapsplan |
| 13 | **Brannførebygging:** Styrking av brannførebyggande avd. i BBR med to tilsette (for å innfri lovpålagt bemanning, følgja opp risikoutsette grupper, føra tilsyn med tunnelar, gassanlegg o.a. risikoobjekt i tillegg til bygningstilsyn m.m.) | OBS-nr. J + M Tiltak nr. J1-8, tiltak nr. M1-2 | Del 1/s. 61 + 63 del 2/s. 25 + 48 – S-7 + S-12 | X | | SU/ BBR | 2025 | ca. 1,7 mill. /år | For styrka arb. m. sannsyns-red. tiltak og førebygga brannar som kunne vore unngått |
| 14 | **Brannberedskap/sikring av sløkkevatn:** Vasstankbil til Eikelandsosen brannstasjon (pga. manglande vasstilførsel i fleire område på austsida av fjorden) | OBS-nr. J + K tiltak nr. J12 + K2 | Del 1/s. 61, del 2/s. 25 + 29 – S-7 + S-8 | | X | SU/ BBR | 2026 | 3-5,3 mill. | BBR har søkt om støtte frå VLFK til 25 % av kostnaden |
| 15 | **Brannberedskap:** ATV med utstyr til Eikelandsosen brannstasjon | OBS-nr. K tiltak nr. 4 | Del 1/s. 61, del 2/s. 29 – S-8 | | X | SU/ BBR | 2026 | 0,1-0,2 mill. | For rask evakuering v. tunnelbrann og framkomst v. terrengbrann |
| 16 | **Brannberedskap:** Ny, robust båt | OBS-nr. L tiltak nr. 7 | Del 1/s. 62, del 2/s. 34 – S-9 | | X | SU/ BBR | 2027 | Ca. 3 mill. | Søkjer støtte frå eksterne aktørar |
| 17 | **Sikring av kulturminne**: A. Sprinklaranlegg/$CO_2$-anlegg på sårbare freda kulturminne (Os gml. prestegard, Askviknes gml. barneheim) og ev. andre sårbare kulturminne (Det gml. kommunehuset på Osøyro, Vognhallen). B. Direktekopla brannvarsling til 110-sentralen. | OBS-nr. P tiltak nr. 4 | Del 1/s. 60, del 2/s. 14, S-4 | B: X | A: X | SU/ Eiged. drift/kultur | A. # B. Snarast råd | A. sprinklaranlegg ca. 1000/$m^2$ B. ca. 10.000/ år/bygg | #A. Treng nærare utgreiing av alternativa |
| 18 | **Atomberedskap:** Nødvendig verneutstyr for utearbeidande v/radioaktivt nedfall | OBS-nr. G tiltak nr. 2 | Del 1/s. 61, del 2/s. 21, S-6 | | X | HVF/Heimetenester, LV; SU/ BBR | 2026 | 0,1 mill. | jf. Atomberedskapsplan |

| | | | | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| 19 | **PLIVO:** Fysiske tiltak knytt til utforming av skulebygg – innebygd sikkerheit (ikkje så mykje glas, trygge låsesystem osv.) | OBS-nr. D tiltak nr. 18 | Del 1/s. 64, del 2/s. 55, S-14 | | X | Oppv./skule SU/ E. drift | # | krev nærare utgreiing | # Sjå i samanh. m. rullering av skulebruksplanen 2028 |
| 20 | **Div. scenario:** Eigenberedskapslager for tenesteområda | OBS-nr. G tiltak nr. 5 | Del 1/s. 61, del 2/s. 21, S-6 | X | | Tenesteomr. | 2025/26 | ulikt pr. tenesteomr. | Fortløpande opparbeiding av beredskapslager |

**<u>Tilfluktsrom</u>**

Tilfluktsrom er på nytt eit aktuelt tema og kan vera eit aktuelt tiltak knytt til spesialscenarioet krig i ei eller anna form. Status er at Stortinget vedtok mellombels stogg i bygging av nye tilfluktsrom i 1998. I totalberedskapsmeldinga (Meld. St. 9 (2024-2025) - Forberedt på kriser og krig), som vart presentert 10.1.2025, føreslår regjeringa å innføra krav til tilfluktsrom i private og offentlege bygningar av ein viss storleik, på nytt. Direktoratet for samfunnssikkerheit og beredskap (DSB) opplyser at det pågår arbeid med revisjon av «Forskrift om tilfluktsrom», men nye krav er enno ikkje fastsette.

Iflg. Sivilforsvaret sine lister skal det vera 32 tilfluktsrom i Bjørnafjorden kommune, 22 på ossida og 10 på fusasida av fjorden. Dei aller fleste av desse er private, dvs. bygde for å brukast av dei som oppheld seg i bygningen til dagen (tilsette, brukarar/pasientar, elevar osv.). Det skal vera tre offentlege tilfluktsrom i Bjørnafjorden, iflg. Sivilforsvaret sine lister, men dei stemmer ikkje over eins med kommunen si eiga oversikt. Offentlege tilfluktsrom er for alle som oppheld seg i det aktuelle området. Status på mange av tilfluktsromma er svært uviss, fordi dei er eigde av andre enn kommunen. Det vart gjort ein gjennomgang av dei kommunalt eigde tilfluktsromma i 2021 og laga ein tilstandsrapport. Den viste at det vil vera behov for betydelege oppgraderingar. Når/dersom det blir vedtatt at det igjen skal vera pliktig å byggja tilfluktsrom her i landet, må det frå då av byggast tilfluktsrom både i kommunale og private nybygg av ein viss storleik, i område der det ev. blir krav om det.

Elles har vi pr. i dag både tunnelar og fjellhallar på begge sider av kommunen, som kan brukast til tilfluktsstadar ved behov. Slike tilfluktsstadar blir i totalberedskapsmeldinga omtala som «dekningsrom», og er ein av fire føreslåtte kategoriar tilfluktsstadar.

# 3. REVISJON OG OPPDATERING

Tiltaksplanen for oppfølging av KommuneROS skal evaluerast og reviderast årleg i samband med arbeidet med kommunen si årsmelding.

Ved nye nasjonale krav, endringar i risikobilete, oppdatering av overordna beredskapsplan og i samband med evaluering av beredskapshendingar og øvingar, skal vi vurdera om det må gjerast endringar i tiltakstabellane og/eller i overordna mål.

Kommunedirektøren har ansvar for at dette blir utført, og kommunen sin beredskapskontakt har ansvar for gjennomføringa.